

Halvårsrapport
pr. 30.06.2023

HALVÅRSRAPPORT PR. 30.06.2023

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for første halvår 2023 på kr 31,3 mill. Tilsvarende resultat på same tidspunkt i fjor var kr 19,9 mill. Det er i hovudsak auka rentenetto som er årsak til resultatforbetringa. Banken har pr. 30.06.2023 oppnådd ein rentenetto på kr. 47,7 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,12 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 35,4 mill., tilsvarende 1,63 % av gfk. Auke i rentenetto i kroner skuldast volumauke i utlån kombinert med betre rentemargin.

Netto andre driftsinntekter er på kr 19,2 mill. pr. 30.06.2023, ein auke på kr 7 mill. samanlikna med 30.06.2022. Luster Sparebank har plassert sin likviditet i rentefond. På grunn av høgare rentenivå er avkastninga på desse fonda høgare i første halvår 2023 enn i same periode i 2022. Dette blir i rekneskapen vist som verdiendring på finansielle instrument. Denne posten er kr 7,1 mill. høgare pr 30.06.2023 samanlikna med 30.06.2022, noko som forklarar auken i netto andre driftsinntekter.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. Det er fleire årsaker til dette. IT-kostnader er høgare enn i fjor, det har vorte kostnadsført tap som følgje av svindel, og formuesskatt har blitt kostnadsført med ein fast sum pr. måned i 2023. Tidlegare år har banken kostnadsført formuesskatten i samband med årsoppgjeret.

Tap er kostnadsført med kr 1,5 mill. Kostnadsført tap på same tidspunkt i fjor var på kr 0,9 mill.

Resultat for perioden på kr 31,4 mill. er kr 11,4 mill. betre enn på same tidspunkt i fjor. Årsaker er betring i rentenetto og høgare avkastning på verdipapir.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.06.2023 er på kr 4.632,8 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 137,0 mill. (3,1 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen, som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.06.2023 på kr 5.333,2 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 84,1 mill. (1,6 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.662,4 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 152,2 mill. eller 4,3 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.06.2023 overført kr 700,4 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 753,3 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 99,3 mill. eller 2,33 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.06.2023 er fordelt med 27,3 % til næringskundar og 72,7 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var tilsvarende fordeling 25,4 % til næringskundar % og 74,6 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. Innskott frå kundar er bokført med kr 3.481,9 mill. Veksten siste året er på kr 146,2 mill. eller 4,4 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 146,1 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har utestående obligasjonslån for kr 281,3 mill. Banken si innskotsdekning er 95,1 %.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjer kr 77,3 mill. kr. pr. 30.06.2023. Dette er ein auke med kr 22,7 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auke med kr 6,7 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittprofil så langt i 2023.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 30.06.2023 har banken ein ansvarleg kapital på kr 550,7 mill. Heile banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.278,8 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 24,16 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.06.2023 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 25,5 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i samarbeidande finansinstitusjonar Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 22,20 %, kjernekapitaldekning på 22,46 % og ei kapitaldekning på 22,91 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat ved utgangen av andre kvartal 2023. Banken sin finansielle stilling er god. Dei økonomiske utsiktene frametter er usikre. Høg prisvekst kombinert med eit høgare rentenivå og utsikter til lågare økonomisk vekst kan bidra til redusert forbruk og investeringar samt svekka gjeldsbetjeningsevne. Det vert viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen. Eit høgare rentenivå bidreg samstundes til høgare renteinntekter for banken. Konkurransen om kundane er likevel stor. Det er såleis viktig å halda fram med å ha god kontroll på kostnadane for framleis å kunne levera konkurransedyktige tenester. Ytterlegare vekst i sal av forsikrings- og spareprodukt vil bidra til å auka inntektsgrunnlaget frå andre produkt og byggja vidare opp under banken som ein heilskapleg tilbydar av finansielle tenester.

Luster Sparebank skal vera ein god og løysingsorientert medspelar som bidreg til at både eksisterande og nye kundar kjenner økonomisk tryggleik og kan realisera sine draumar i tråd med banken sin visjon - «Saman når me måla dine!».

Gaupne, 11.08.2023

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Evelyn Bukve Gunnestad

Jermund Lien Molland
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	30.06.2023	30.06.2022	2. kvartal 2023	2. kvartal 2022	31.12.2022
Renteinntekter og liknande inntekter	91.501	50.131	47.305	26.222	120.318
Rentekostnader og liknande kostnader	43.784	14.733	23.340	7.931	41.401
Netto renteinntekter	47.717	35.398	23.965	18.291	78.917
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	7.975	7.496	3.962	3.964	16.826
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-974	-972	-491	-455	-1.864
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	5.461	6.000	3.178	6.000	7.312
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	6.697	-380	2.520	-4.800	8.594
Andre driftsinntekter	0	29	0	29	91
Netto andre driftsinntekter	19.159	12.173	9.169	4.738	30.959
Løn og andre personalkostnader	10.235	10.136	4.213	4.305	23.589
Andre driftskostnader	13.030	10.039	6.379	5.646	23.017
Ordinære avskrivningar	351	405	174	189	762
Sum driftskostnader	23.616	20.580	10.766	10.140	47.368
Tap på utlån, garantiar o.l.	1.509	784	896	1.050	4.719
Resultat før skatt frå videreført verksemd	41.751	26.207	21.472	11.839	57.789
Skattekostnad	10.438	6.552	5.368	2.960	11.857
Resultat før andre inntekter og kostnader	31.313	19.655	16.104	8.879	45.932
Utvida resultat					
Andre inntekter og kostnader	41	331	-4	357	1965
Totaltresultat	31.354	19.986	16.100	9.236	47.897

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Kontantar og fordringar på sentralbankar	75.767	73.660	73.671
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	235.662	314.186	247.356
Utlån til og fordringar på kundar	3.635.503	3.490.066	3.533.294
Renteberande verdipapir	0	0	3.002
Obligasjons- og pengemarknadsfond	483.531	427.540	466.477
Aksjar og grunnfondsbevis	166.615	148.358	0
Immaterielle eigendeler	0	5	0
Varige driftsmidlar	7.271	7.580	7.515
Eigendeler ved utsatt skatt	9.890	5.368	9.890
Andre eigendeler	18.587	29.060	30.226
SUM EIGENDELER	4.632.826	4.495.823	4.371.431
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	146.149	195.583	146.009
Innskot og andre innlån frå kundar	3.481.872	3.335.659	3.249.602
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	281.282	300.427	281.172
Anna gjeld	17.468	10.759	8.442
Avsetningar	29.602	32.860	39.591
Sum gjeld	3.956.373	3.875.288	3.724.816
Sum eigenkapital	676.453	620.535	646.615
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	4.632.826	4.495.823	4.371.431
Garantiansvar	43.455	33.414	48.411
Pantsetjingar	185.553	245.346	247.432
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	700.391	753.320	791.503
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	4.535.627	4.371.571	4.388.013

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)

	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Renteinntekter og liknande inntekter	4,07 %	2,31 %	2,74 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,95 %	0,68 %	0,94 %
Netto renteinntekter	2,12 %	1,63 %	1,80 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,35 %	0,35 %	0,38 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,04 %	-0,04 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,24 %	0,28 %	0,17 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,30 %	-0,02 %	0,20 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,85 %	0,56 %	0,71 %
Løn og andre personalkostnader	0,46 %	0,47 %	0,54 %
Andre driftskostnader	0,58 %	0,46 %	0,52 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,02 %	0,02 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	1,05 %	0,95 %	1,08 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,07 %	0,04 %	0,11 %
Driftsresultat før skatt	1,86 %	1,21 %	1,32 %
Skattekostnad	0,46 %	0,30 %	0,27 %
Resultat etter skatt	1,39 %	0,91 %	1,05 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,00 %	0,02 %	0,04 %
Totalresultat	1,39 %	0,92 %	1,09 %

ENDRING I EIGENKAPITAL

(Tal i heile 1.000)

	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum egenkapital
Eigenkapital pr. 31.12.2020	0	40.269	502.202	23.679	566.153
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	0	40.847	0	40.847
Andre inntekter og kostnader	0	0	-816	0	-816
Avsetnad til gåver	0	0	-3.500	3.500	0
Gåver utdelt av styret i 2021	0	0	0	-4.172	-4.172
Eigenkapital pr. 31.12.2021	0	40.269	538.733	23.007	602.012
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	0	45.932	0	45.932
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	1.965	0	1.965
Avsetnad til gåver	0	0	-4.000	4.000	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2022	0	0	0	-3.294	-3.294
Eigenkapital pr. 31.12.2022	0	40.269	582.630	23.713	646.615
Resultat før andre inntekter og kostnader	31.313	0	0	0	31.313
Poster ført over andre inntekter og kostnader	41	0	0	0	41
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2023	0	0	0	-1.516	-1.516
Eigenkapital pr. 30.06.2023	31.354	40.269	582.630	22.197	676.453

NOTEOPPLYSNINGAR

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap.

Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS og effektane av denne overgangen.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2023	3.099.747	383.760	75.300	3.558.807
Overført til trinn 1	83.272	-78.554	-4.718	0
Overført til trinn 2	-161.476	161.476	0	0
Overført til trinn 3	-4.809	-4.792	9.601	0
Netto endring	-62.177	-10.794	-2.386	-75.357
Nye lån	552.336	19.508	2.395	574.239
Frårekna lån	-344.433	-46.899	-4.066	-395.398
Utgående balanse 30.06.2023	3.162.460	423.705	76.126	3.662.292

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Personkunder	2.642.413	2.590.532	2.619.441
Offentleg sektor	8.786	11.184	9.987
Finans og andre sektorar	12.134	18.424	14.181
Næring			
- Primærnæring	152.899	140.847	145.450
- Industri	42.127	35.459	39.179
- Kraftproduksjon	30.923	32.390	31.913
- Bygg og anlegg	202.455	158.456	176.307
- Handel	46.740	51.993	47.275
- Hotell og restaurantdrift	70.068	58.910	56.047
- Transport	26.147	28.815	27.868
- Eigedomsdrift	372.951	324.931	331.227
- Andre tjenesteytande næringar	52.866	56.261	58.175
- Interesseorganisasjonar	1.783	1.909	1.757
Sum utlån før nedskrivningar	3.662.292	3.510.111	3.558.807
Trinn 1 nedskrivningar	-7.857	-6.175	-6.659
Trinn 2 nedskrivningar	-2.913	-2.588	-3.946
Trinn 3 nedskrivningar	-16.019	-11.282	-14.908
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.635.503	3.490.066	3.533.294
Overført til Verd Boligkreditt AS	700.391	753.320	791.503
Totale utlån	4.335.894	4.243.386	4.324.797

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Misleghald næringlivskundar	38.500	19.798	35.792
Misleghald personkundar	1.340	1.882	1.351
Brutto misleghaldne engasjement	39.840	21.680	37.143
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-15.209	-7.547	-13.038
Netto misleghaldne engasjement	24.631	14.133	24.105

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	37.431	32.964	34.333
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-876	-3.780	-1.230
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	36.555	29.184	33.103

Tap på utlån, garantiar og unyttta kredittrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivingar
Nedskrivingar 01.01.2023	8.436	4.129	1.388	13.802	27.755
Overføringar:					
Overført til trinn 1	809	-700	-109	0	0
Overført til trinn 2	-153	153	0	0	0
Overført til trinn 3	-3	-209	212	0	0
Netto endring	-602	-67	-424	1.474	381
Nye tap	1.910	204	18	0	2.132
Frårekna tap	-769	-418	-88	-188	-1.463
Endring i risikomodell/parametre	1	0	0	0	1
Andre endringar	0	94	0	0	94
Berekna tap 30.06.2023	9.629	3.186	997	15.088	28.900
Verdijustert over andre inntekter kostnader	876	0	0	0	876
Sum nedskrivingar og avsetningar pr 30.06.2023	8.753	3.186	997	15.088	28.024
Konstatert tap	0	0	0	40	40
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-30	-30
Bokført som reduksjon eigendeler	7.857	2.913	931	15.088	26.789
Bokført som auke annan gjeld	896	273	66	0	1.235
Sum nedskrivingar 30.06.2023	8.753	3.186	997	15.088	28.024

NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsvardiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.03.2023 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 30.06.2023	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsetjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Obligasjons og pengemarkedsfond					
DNB Likviditet F	124.875	126.935	126.935	0	0
Holberg Likviditet	354.085	36.611	36.611	0	0
Odin Likviditet	69.538	70.825	70.825	0	0
DNB European Covered Bonds	93.969	63.607	63.607	0	0
DNB Global Treasury	74.927	65.951	65.951	0	0
Dnb OMF	118.396	119.602	119.602	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		483.531	483.531	0	0
Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	210.423	7.070	0	0	7.070
Brage Finans AS	2.170.040	47.592	0	0	47.592
DNB Bank ASA	15.942	3.200	3.200	0	0
Eiendomskreditt AS	99.222	16.353	0	0	16.353
Frende Holding AS	36.312	19.865	0	0	19.865
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	1.923	1.923	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	2.000	0	0	2.000
Luster Energiverk AS	1.359	17.667	0	0	17.667
Norne Securities AS	117.095	505	0	0	505
Verd Boligkreditt AS	44.639	47.527	0	0	47.527
Visa		863	0	0	863
Kredittforeningen for Sparebanker	460	550	0	0	550
Sogn Sparebank	7.600	1.117	1.117	0	0
Andre aksjer		383	0	0	383
Sum aksjar og grunnfondsbevis		166.615	6.240	0	160.376
Sum verdipapir		650.146	489.771	0	160.376
Avstemming nivå 3					
Inngående balanse 01.01					159.131
Realisert vinst/tap					0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					1.244
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					0
Salg					0
Utgående balanse					160.375

NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Lønstakarar	2.538.237	2.371.946	2.368.491
Offentleg sektor	236.956	225.970	205.606
Finans og andre sektorar	89.609	128.100	86.592
Næring			
- Primærnæring	90.428	69.183	59.191
- Industri	29.141	22.300	21.716
- Kraftproduksjon	145.659	77.796	166.603
- Bygg og anlegg	94.589	107.644	120.949
- Handel	41.088	33.624	36.428
- Hotell og resturantdrift	50.393	36.151	31.531
- Transport	12.540	10.477	7.624
- Eigedomsdrift	67.160	95.600	63.996
- Andre tenesteytande næringar	77.563	147.845	73.306
- Interesseorganisasjonar	8.509	9.023	7.569
Sum innskot	3.481.872	3.335.659	3.249.602

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

Innlån frå kredittinstitusjonar	30.06.2023			
	Opptak	Forfall	Pålydande	Bokført verdi inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	30.000	30.272
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	50.000	50.463
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	35.000	35.208
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	30.000	30.206
Sum gjeld til kredittinstitusjonar			145.000	146.149
Obligasjonar notert på Nordic ABM				Bokført verdi
ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	70.000	70.547
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	80.000	80.043
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	70.000	70.419
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	60.000	60.414
Over/underkurs				-141
Sum obligasjonar			280.000	281.282

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Eigenkapital	676.453	620.535	646.615
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-31.354	-19.987	0
- Frådrag	-94.433	-80.679	-93.235
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	550.666	519.869	553.379
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar		0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	1.765	2.245	2.005
Offentleg eigde foretak		0	0
Institusjonar	46.241	62.301	54.423
Foretak	57.603	35.157	64.889
Massemarked	314.229	443.158	309.524
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.288.759	1.068.066	1.232.068
Forfalte engasjementer	78.696	105.919	83.173
Høgrisiko-engasjement	48.706	69.192	45.714
Obligasjonar med fortrinnsrett		0	0
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating		0	0
Andeler i verdipapirfond	135.009	79.229	31.771
Eigenkapitalposisjonar	83.366	79.013	78.097
Øvrige engasjement	34.777	31.666	33.532
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	2.089.151	1.975.947	1.935.196
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	189.642	174.982	189.642
Sum berekningsgrunnlag	2.278.793	2.150.927	2.124.837
Rein kjernekapitaldekning i prosent	24,16 %	24,17 %	26,04 %
Kjernekapitaldekning i prosent	24,16 %	24,17 %	26,04 %
Ansvarleg kapitaldekning i prosent	24,16 %	24,17 %	26,04 %
Uvekta kjernekapital i prosent	11,91 %	11,55 %	12,72 %

KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har eigarandel på 6,27 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS.

	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Konsolidert rein kjernekapital	632.650	592.645	633.899
Konsolidert kjernekapital	640.105	599.551	641.631
Konsolidert ansvarleg kapital	652.899	608.742	654.157
Konsolidert beregningsgrunnlag	2.850.401	2.684.396	2.623.533
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	22,20 %	22,08 %	24,16 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	22,46 %	22,33 %	24,46 %
Konsolidert ansvarleg kapitaldekning	22,91 %	22,68 %	24,93 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	10,92 %	10,70 %	11,92 %
Banken sine kapitalkrav	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %	3,00 %	3,00 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	1,50 %	2,00 %
Krav til rein kjernekapital	12,50 %	11,00 %	12,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	14,00 %	12,50 %	13,50 %
Krav til kapitaldekning	16,00 %	14,50 %	15,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %	2,10 %	2,10 %

Banken sin kapitalmål

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet. Banken har eit kapitalmål på 17,6 % for rein konsolidert kjernekapital per 31.12.2022. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 3 % av eksponeringsbeløpet. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	31.12.2023
Mål for rein kjernekapitaldekning	17,6 %
Mål for kjernekapitaldekning	19,1 %
Mål for kapitaldekning	21,1 %

NOTE 7 LIKVIDITET

	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	206,4 %	260,9 %	235,0 %